26.mars kl 19.00

Kantina i Kunnskapshuset, Sæ 132

Inngang: 200,-

inkluderer mat og drikke

Det er vår og tida er inne for å så!

Nettverk U37 inviterer til inspirasjon og entreprenørskap

– i samarbeid med atheno

Driv du for deg sjølv? Ynskjer du å starta noko? Eller ynskjer du å skapa noko der du er idag? Eller vil du berre verte inspirert av andre som har lukkast? Uansett bakgrunn er du hjartans velkomen til ein innhaldsrik kveld. Dagleg leiar i Atheno, Astrid Kjellevold Steinsland, vil leia oss gjennom det faglege innhaldet. Ho kjem innom heilt konkrete knaggar ved det å skulle etablere noko og inspirer til skaparkraft og innovasjon. Etterpå vil tre fine gründerar fortelje si historie. Jazzgitarist Per Olav kobberstad spelar til mat og mingling. Ein kveld du ikkje vil gå glipp av.

Linda Blom – Linda's Gym
Linda vart alvorleg skada i ei trafikkulykke i 1998. Ved hjelp av riktig styrketrening kom ho seg på beina igjen og vart inspirert til å starte sitt eige treningsstudio. Med stort engasjement driv ho idag Lindas Gym og utvidar stadig tilbodet.

Ingebjørg Nyhammer – Ingis
Før ho var ferdig studert starta Ingis å designe klær for streetwearmerket I.N.I, eit design som blant andre Snoop Dogg har vist seg i. Idag er Ingebjørg kreativ leiar i Emerchendise og designar produkt som blant anna vert skreddersydd for oljebransjen. Ho har eit kjent namn i musikkbransjen og har blant anna designa cover til artisten Vinni.

Arvid Scheen – Optiship
Arvid driv og eig Optiship A/S på Bømlo. Optiship A/S vart etablert I 2011. Selskapet kjøpte ei fergje og bygde den om til eit effektivt servicefartøy eigna til oppdrag for havbruksnæringa og kystrelatert industri. Idag eig Optiship tre fartøy.

Bindande påmelding innan mandag 23.mars
meld deg på via linken under eller på nettverku37@stordnaeringsraad.no
http://www.stordnaeringsraad.no/web.aspx?page=108359&event=24032
Deltaking vert fakturert i etterkant. Dersom faktura skal til andre enn arbeidsgjevar må du oppgi fakturaadresse ved påmelding.

Nettverk U37 skal vera ein møteplass for unge, aktive, samfunns- og næringslivsinteresserte på Stord. Målet er at ein kan få fagleg påfyll, knytte kontaktar og byggje relasjonar. Nettverk U37 har som visjon å gjera Stord til ein meir nteressant og engasjerande arena for unge i næringslivet